



Møre og Romsdal fylke



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
301 OSLO

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Vår dato:
	04.12.2007	FE: 2007/1213/LESA/561	Leif Magnus Sættem, 71258857 Ulf Lucasen, 71258859	01.02.2008

Revisjon av konsesjonsvilkårene for Aurareguleringene – høyring av miljørapportar

Vi viser til Dykkar brev 04.12.2007 om revisjon av konsesjonsvilkåra for reguleringen av Aura.

På oppmoding frå NVE har Statkraft fått utarbeidd to fagrapportar som eit supplement til revisjonsdokumentet. Rapportane kjem med framlegg til tiltak som kan styrke dei ferskvannssøkologiske tilhøva i Aura med fokus på laks og vidare forslag til tiltak som kan sikre trekkvegar for villrein i fjellet.

Rapportane om forhold for fisk og villrein vitner om eit grundig arbeid og vi slutter oss i alt vesentleg til dei framlegg som kjem fram.

Rapporten om laks inneheld ei faglig vurdering av kor stor vassføring som må til for å få oppvandring og gyting i Aura. Vurderinga sees óg i samanheng med relevante avbøtande fysiske tiltak på aktuelle elvestrekning.

NINA har lang fartstid med ferskvasssøkologiske studier i vassdraget. Oversendte arbeid grip fatt i historiske data som skildrar tilhøva langt attende i tid. Denne kunnskap knyttast opp til tilhøva i dag.

Utan å gå inn på kvart einskild av dei føreslegne tiltaka vil vi tilbakemelde nokre synspunkt til figur 4.10, side 32, i rapporten om tilhøva for fisk. Denne oppsummeringsfiguren er viktig i sakens anledning. Figuren omhandlar hva som minst kreves av vannføring i Aura ved Litlevatnet gjennom året for at det kan opprettholdast ein laksebestand i vassdraget. Figuren presenterer ein meget stakato og skarp linjeføring med raske opp- og nedkjøringar av vassføringen. Vi er usikker på om figuren er av skjematisk karakterer og bare meint å vise i kva periodar vassføringen bør endrast i tråd med dei krav laksen har. Om ikkje, er vi redd for at endringene i vannføringen er altfor momentane og lett vil kunne bidra til utarming og stranding av den fisk som har funnet vegen opp i elva. Ei gradvis nedtrapping av vassføringa vil gje større vannrom i tida for gyting av den fisk som nå står i hølane. Gradvis nedkjøring vil óg redusere sjansen for tap av fisk. Vi vil gjerne at dette konkrete punktet blir kommentert i det vidare arbeidet med saka.

For å sikre villreinen i Dovre - Rondane området er det viktig å arbeide ut frå eit langsiktig perspektiv. Snøhettastammen er ein viktig del av den gjenlevande opphavelege villreinen i

Europa, og ei rad menneskelege inngrep over lang tid har stengd villreinen inne i så små fjellområde at han er svært sårbar. Venta klimaendringar som følgje av drivhuseffekten vil auke desse problema. Spesielt må vi rekne med at auka nedbør vil kunne redusere tilgangen på vinterbeite i eit så stort omfang at det vil vere sterkt avgrensande for bereevnen til dei ulike delbestandane slik områda fungerer i dag.

Det er viktig å få reetablert villreintrekk over Aursjømagasinet. Arealbruken på to sider av magasinet kring området der det er skissert etablering av tersklar er likevel mangelfullt sikra mot inngrep og uroing. Ved ei investering i tersklar for å auke trekkaktiviteten, er det viktig å sikre areala på to sider av magasinet både mot nedbygging og mot forstyrring frå menneskeleg aktivitet. Dette bør vurderast gjort anten ved å opprette biotopvernområde etter viltloven eller ved å opprette tilsvarande vern i medhald av Plan- og bygningsloven.

For å evaluere effektane av avbøtande tiltak og for å få kunnskap om kor det elles vil kunne lukkas å få reetablert trekkveggar over mellom anna Aursjø-Torbudalsbarriera, er det naudsynt å få starta eit prosjekt for å studere villreinen sin arealbruk nokre år framover. Det mest naturlege er å gjere seg nytte av GPS-instrumenterte dyr slik det mellom anna er gjort på Hardangervidda knytt til problematikken kring Rv 7.

Med hilsen



Trond Haukebø
Seksjonsleiar



Leif Magnus Sættem
Rådgivar

Kopi: Direktoratet for naturforvaltning
Fylkesmannen i Oppland
Lesja kommune
Nesset kommune
Statkraft energi AS, Boks 200 Lilleaker, 0216 Oslo